

Kontrakt for tilgang til meirope bibliotek

for elever ved Firda vgs

Velkomen som brukar av Gloppen folkebibliotek sitt meirope bibliotek

Denne kontrakten gjev deg tilgang til Gloppen folkebibliotek sine lokale frå kl. 07.00 til kl. 23.00 alle dagar. Tilbodet gjeld alle over 15 år. Personar under 18 år må i tillegg ha signatur frå føresett.

Biblioteket er eit offentleg rom og felles eigedom som skal vere til glede og nytte for alle. Du vert oppmoda om å halde ro og orden på det meirope biblioteket.

Elevar brukar appen **Pocket-ID som lånekort**. Denne appen skal også brukast som nøkkeltast for å låse seg inn i biblioteket i meirope-tida. Eleven skannar QR-koden og tastar inn pin-kode på fire siffer (dei fire siste siffera i elevnummeret/VIS-ID).

Ved å oppgradere lånekortet ditt til eit nøkkeltast for meirope bibliotek forpliktar du deg til å overhalde:

1. **Tilgangen er personleg.** Du har ikkje lov å sleppe andre inn i meirope tid.
Unntak: Vaksne elevar med barn kan ta med familien, men er ansvarleg for barna og kan ikkje forlate dei i biblioteket.
2. **Vis omsyn** til andre, også ved arrangement i biblioteket.
3. **Hald orden** og ta vare på biblioteket ditt. Det skal vere til glede og nytte for alle som brukar det. Rydd opp etter deg før du forlét biblioteket.
4. Rett deg etter gjeldande **lånereglar**.
5. Gjer deg kjend med **brannrutinar** i lokalet, sjå oppslag.
6. Lokala **må** forlatast ved brannalarm, stengetid eller andre varslingar

Når du loggar deg inn i det meirope biblioteket vil det bli registrert at du er der. Biblioteklokalet er videoovervaka for at du skal føle deg trygg, og som vern av biblioteket sitt inventar og utstyr. Bildeopptaka blir lagra i sju dagar, etter gjeldande GDPR-reglar. Uønska hendingar kan bli melde til politiet. Du kan bli stilt økonomisk ansvarleg for eventuelle øydeleggingar. Opphald i meirope bibliotek skjer på eige ansvar. Brot på kontrakten kan føre til at du misser tilgangen til meirope bibliotek.

Sjå meir informasjon på gloppenbibliotek.no. Der legg vi også ut informasjon om vi må halde stengt for meirope.

Eg har lese kontrakten og akseptert vilkåra.

Namn med blokkbokstavar:

Fødselsdato:

Signatur:

Føresett sin signatur: (gjeld dei under 18 år)

Dato:..... Legitimasjon: (kryss av)